

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kyrkjebø

Emne: 6. Helsing.

Bygdelag: Berge og Kyrkjebøst

Oppskr. av: Anders H. Berge.

Gard:

(adresse): Nordeide.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

1. SVAR  
Ja og nei vert altid brukt med å uttale ordet Ja- og nei.
2. Som regel helser dei med niking på hovet, eller letter med hatten eller huva.
3. Den som kom må hels med "goddag" eller takk for sist.  
Treffast kjende på veien helsar dei med "Goddag" og takk for sist.
4. Ja, det var og er mest brukt både av kvinner og menn at dei takker for siste lag både med håndhelsing og då skilds med letting med hua eller hatt.
5. Helsingmåten var og er altid likt for alle personer.  
Det er ikkje nokon skilnad verken på presten eller storbonden.
6. Det var ikkje brukt her at dei tok huva under armen når dei helste.
7. Ein helste på same måten
8. Alle fremande handhelste både voksne og born.
9. Nei, det har ikkje vore brukt anna med borni har det ofte vore bruktt.
10. Ja, mennerne tok av seg hatten, det er og brukt idag.  
På åkeren gjorde dei det same. Kvinnene stoppa opp med det same at klokkeringinga tog til.
11. når dei treffte likferd eller brurefylgje letta dei altid på hatten og vende hovedet mot fylgjet.

0665

7530

12. Nei, det kjem dei ikkje ihug i notida.
13. "Gomoren" var brukt og er brukt frå kl. 5- 9.  
 "goddag" fra " 9-4- 5 em.  
 "God middag" " 11- 1 em.  
 God afta var ikkje brukt her men "God kveld"  
 Her er altid brukt "God natt"!
14. Ja, ein liker ikkje at ein brukar "godmoren" midt på dagen eller om kvelden.
15. Ja dei eldre svarer gjerne med "Goddag" for å visa at han eller ho ikkje liker ordet som vedk. bruker.
16. Nei ikkje utpå landsbygda. På dei sentrale stader s. t. d. I Høyanger er det mykje brukta dette ordet men det er ikkje godt motteke ute på landsbygderne.
17. Ja, "Guds fred" Brukte mange folk av dei eldre. "signe" "strevet", "signe kvila", "signelaget", "signe maten" Svaret var "takk"
18. Nei, det var ikkje andre i bruk.
19. Ja, Han helser på verten inn i stova med "goddag" og takk for sist!
20. Som regel gjeng husets folk ut, hvis dei ikkje det gje-  
er gjeng verten og den framande inn i eit annat verel-  
se.
21. Ja, ein bruker å børke på døra både framande og gard-  
folk.
22. "Kom inn" vert det ropt og den som kjem inn seier kva han vil.
23. Har han tid set han seg ned- elles gjeng han med sa-  
me.
24. Hatten eller huva tek ein av med det same han kjem inn  
men han set seg ikkje ned før det sgt, at han skal gje-  
ra det.
25. "Set deg ned."
26. Nei, der er ingen skilnad.

27. Den framande sa "goddag og takk for sist."
28. Nei, på same måten. Stolen vert aldri avturka om det kjem ein fremand å set seg ned. Ein fast skikk er at alt inn i stova vert turka om morgenen.
29. "Velkommen skal du vera" - eller de vera".
30. Dei brukte aldri ordet. " takk for meg eller takk for helsinga.
31. a) For langreis" lukke til reisa og gud signe henne."  
b)"Takk for alt me har hatt mellom oss og gud signe både deg og dine."
32. Ja, det har vore brukt mellom dei nærmeste i huslyden .
33. Det var helst kvinnerne som brukte det- ja borni og
34. Nei, ikkje andre uttrykk.
35. Det kunde henda men var lite brukt.
36. Det var helst for takksemde.
37. Nei, det var ikkje brukt her.
38. Til småborn seier ein " skal eg få ein søte kyss."
39. Ja, det bruker ein den dag i dag. namnet er byte nase.
40. Alle kunde gjera det om dei var friske.
41. Det har ikkje vore brukt her.
42. Ja, kjake mot kjake har vore brukt som kjærteikn .  
namnet er "søte kjake."
43. Det var mellom born og foreldre.
- 44."Tilukke" vart brukt når ein mann eller kvinne fekk no-  
ko nytt. T. d. nye sko nye klær eiier bare det nytt av  
korslag det var, pengegåve ,m. m.
45. både små og store sa "god jul", Godt nytår", var det ~~bekk~~  
brøllaup sa dei lukke med laget ,lukke med "barnefesten"  
og lukke med "trulovinga".
46. Ved dødsfall var og er brukt "kunnolerer".
47. Ved kista takker ein avlidne for den tid dei har vore saman og har det vore sersvenskap rekner ein opp og

og takker for det.

48. Likkistorne er som regel i heimen eller kyrkja.

Avsked eit sams ord for alle som døyr.

49. Vanvyrdnad for dei døde har aldri vore brukt her.

Erdet noko godt å seia kjem det altid fram under avskeden.

50. Ordet du vert jamt brukt både til kvinna og mann.

Til presten eller ein øvrigheits mann kan og er bruktt ordet De. "Jer" er aldri bruktt.

51. Nei, det er ikkje bruktt.